

Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3726 - 18/1911

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammar  
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:  
19.01.2018

## Uttale til klage frå Frøydis Haugen - Søknad om avlingssvikt 2017

Syner til vedlagt klage frå Frøydis Haugen, registrert 8.januar 2018.

Norsk Landbruksrådgjeving har gjort ei berekning av avlingsnivået på garden til Frøydis Haugen. I rapporten kjem det fram at i perioden 2013 – 2016 var Frøydis Haugen med i prosjektet *Grovfôr i pluss Nordhordland* og hadde gode avlingar og høge fôrverdiar i grovfôrproduksjonen sin.

Underteikna held fast ved sine vurderingar kring normal hausta vinterfôr. Dei baserer seg på opplysningar frå søkjar som oppjev at ho normalt har to fulle siloar og 85 rundballar etter 2.slåtten. Begge siloane har 8 meter ferdig sige silofôr. Silo 1 er 4 meter i diameter og silo 2 er 4,2 m i diameter. Når ein bruker berekningsprogrammet og oppgitte faktorer for kg fôr/FEm i «Forskrift om satser for og beregning av erstatning ved klimabetinga skader i plante- og honningproduksjonen» vert innhausta mengde vinterfôr 42852 FEm.

Ny informasjon i saka er at 20 dekar av dei totalt 37 dekar med overflatedyrka jord vert nytta til beite og har ei avling på 200 FEm. Vidare er det ny informasjon at det vert tilleggsfôra med 7500 FEm grovfôr i beitesesongen. Tellande slåtteareal vert då redusert frå 168 dekar til 143 dekar.

Forutsatt at det vert tilleggsfôra med 7500 FEm grovfôr og at 42852 FEm vert hausta til vinterfôr vert samla avling på slåttemarka 352 FEm/dekar. Noko som er ei normalavling i mjølkeproduksjonen i Nordhordland.

Underteikna tilrår at dei nye opplysningane om beiteopptak og beitefôring på totalt 12500 FEm frå full- og overflatedyrka jord vert tatt inn i normalavlinga for garden.

Med helsing

Kjartan Nyhammar  
landbrukssjef



*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Klage på vedtak om avlingsskadeerstatning  
Berekning grovfôrbehov endelig  
Frøydi\_Brevm\_Berekning av normalt endelig  
Klage på avlingsskadeerstatningsvedtak

**Mottakrar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen